



Abo Plan & Arkitektur Stord As
Att: Turid Verdal
Torgbakken 9
5411 STORD

Kvinnherad kommune - Uttale til varsel om oppstart av detaljregulering for gnr202 bnr140 mfl. Røysaneset industribase

Vi syner til brev av 05.03.2024 med melding om oppstart av arbeid med detaljregulering for Røysaneset industribase i Høylandsbygd i Kvinnherad kommune, plan-ID 20230002.

Bakgrunn

Hovudføremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for næring i form av maritim industri. Det skal blant anna kome noko utfylling i sjø og etablering av kai og dokk. Det har vore aktiv industridrift på området sidan 1970-talet. Det meste av planområdet i sjø er satt av til ferdsel i gjeldande kommuneplan.

Fiskeridirektoratets rolle

Fiskeridirektoratet har som oppgåve å medverke i planlegging etter plan- og bygningslova når fiskeri- og akvakulturinteresser i kyst- og sjøområde vert berørt. Interessene vi skal ta i vare er nærare omtala i planretteiinga vår på [Arealplaner \(fiskeridir.no\)](https://www.fiskeridir.no).

Konsekvensutgreiing

Det skal lagast konsekvensutgreiing for planen. Føremålet er å klargjere verknadane av tiltak som kan få vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. Avbøtande tiltak skal også vurderast. Planen vil potensielt ha vesentlege verknadar for ferdsel på sjø, marint naturmangfald, fiskeriinteresser og strandsone, og der kan bli forureining. Blant aktuelle tema for konsekvensutgreiinga er naturmangfald, naturressursar (fiskeri) og forureina grunn.

Naturmangfald

Planområdet i sjø overlappar med registrert gytefelt for torsk, Halsenøya nord. Dette er klassifisert av HI i 2019 som lokalt viktig gytefelt (verdi 3). I tillegg overlappar delar av sjøområde i aust med oppvekst/beiteområde for kysttorsk.

Det skal gjennomførast naturtypekartlegging i samband med arbeidet med konsekvensutgreiinga.

Fiskeriinteresser

Det er registrert område for fiske med aktive – og passive reiskap som kjem inn i planområdet. Her fiskast det sei, sild, makrell, brisling og lyr, samt teinefiske etter krabbe.

Der er to låssettingsplassar i Hillestadvågen der det vert låssatt sild, makrell og brisling. Verknadar for fiskeplassane er arealbeslag av kai, fylling og fyllingsfot, samt verknadar i anleggsfasen.

Planarbeidet skal vurdere påverknad av fysiske tiltak i sjø, og verknad av skipstrafikk som inneber samlokalisering med fiskeriinteresser.

Forureining

I planarbeidet skal det belysast tilhøve knytt til støy og potensiale for støy og forureining av grunn og sjøbotn. Behov for nye kartleggingar og undersøkingar vil vere basert på tilrådingar i rapport frå Resipientanalyse (2020) og omfang av tiltak som planframlegget opnar for i sjøområdet.

Potensiale for forureining av grunn og sjøbotn vil vere ein del av kunnskapsgrunnlaget for tema fiskeri.

Vår vurdering

Eventuell forureining og partikkelspreiing kan også påverke gytande fisk, larvar og yngel, og oppvekst- og leveområde for desse.

Det er gjort ei grundig planlegging av arbeidet med konsekvensutgreiinga. Vi tar det derfor for gitt at det vert tatt omsyn til fiskeri og naturmangfald, samt at det vert freista å hindre spreining av forureining.

Tom Hansen
seksjonssjef

Ingerid Bjørkevoll
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.



Mottakarliste:

Abo Plan & Arkitektur Stord As

Torgbakken 9

5411

STORD

Kopi til:

Kvinnherad Kommune

Rosendalsvegen 10

5470

Rosendal

Kystverket

Postboks 1502

6025

Ålesund

Statsforvaltaren I Vestland

Njøsavegen 2

6863

Leikanger

Sør-Norges Fiskarlag

Postboks 936

6001

Ålesund

Vestland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

Bergen

